



Ei regulering med 5 meter her er uheldig meiner Venstre

Kvinnherad Venstre ved uskedelingen Kjell Yri går sterkt imot søknaden frå SKL om konsesjon for utbygging av Børsdalselva Kraftverk.

Partiet meiner dette er eit altfor stort inngrep i vår sårbare, urørte natur. Dei viser og til fylkesdelplanen for småkraftverk i fylket som peikar på at det aktuelle omådet har sårbart høgfjell av stor verdi.

Planen går ut på ein 4 meter høg demning ved utløpet av Børsdalsvatn og 5 meters reguleringshøgde. Utløpet av Kvangrevatn på Englafjell vert føreslege stengt og vatnet overført til Børsdalsvatnet.

Desse inngrepa øydelegg nesten heile det inngrepsfrie området i klasse 2.

Venstre viser også til at det er funne to raudlisteartar av mose i området - vasshalemose og flommose - og at det er sett hekkande fugl av ein svært sårbar art.